



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Eyvin Søltnæs
Telefon: 57643135
E-post: fmsfes@fylkesmannen.no

Vår dato
03.05.2017
Dykkar dato
27.03.2017

Vår referanse
2012/3557- 561
Dykkar referanse
201403843-5

Noregs vassdrags- og energidirektorat

nve@nve.no

Fråsegn til søknad om løyve til å byggje Osen kraftverk i Høyanger kommune

Vi viser til oversendinga 27.3.2017 med høyring av søknad om løyve til å byggje Osen kraftverk.

Fylkesmannen vurderer at eit Osen kraftverk, under gitte føresetnader, kan realiserast med akseptable konsekvensar for naturmiljø og friluftsliv.

Bakgrunn	1
Miljøvernagleg vurdering	1
Beredskapsagleg vurdering	2
Landbruksagleg vurdering	3
Fylkesmannen si tilråding	3

Bakgrunn

Osen kraftverk er planlagt med inntak på kote 387 i Oselva og avløp på kote 241 direkte i Nordstrandsvatnet, som er regulert (210-240 moh). Ei utbygging vil redusere vassføringa på 420 meter elvestrekning, og inntaksdam, røyrgate, kraftstasjon, og anleggsveg vil føre til naturinngrep. Energiutbyttet er estimert til 2,7 GWh/år, til ein utbyggingspris på 5,54 kr/kWh. Prosjektet kan bidra til å oppnå målet om å auke produksjonen av fornybar energi med 28,4 TWh i Noreg og Sverige. For lokalsamfunna vil ei utbygging ha positiv økonomisk verknad, på grunn av auka byggje- og anleggsaktivitet, og auka inntekter til grunneigarane og kommunen.

Fylkesmannen skal vurdere om kjende allmenne interesser kan verte råka, og i tillegg vurdere tiltaket etter lakse- og innlandsfisklova og ureiningslova. Vi legg også vekt på prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova og vassforskrifta. Fylkesmannen har vidare eit sektoransvar innan beredskap og landbruk.

Miljøvernagleg vurdering

I høyringsfråsegna vår 5.11.2012 til meldinga for å avklare om prosjektet utløyste konsesjonsplikt, vurderte vi at det først og fremst er opplevingsverdien av den relativt markante fossen som kan bli redusert ved ei utbygging, og at i tillegg vil eit inngrepsfritt naturområde verte litt redusert.

Miljørapporten for prosjektet er basert på feltregistreringar 19. juni 2013. Det er registrert ei slåtte-mark med lokal verdi (C) aust for Oselva, og både røyrgate, kraftverk og tilkomstveg er planlagt gjennom denne. For i størst mogleg grad å ta vare på denne naturtypelokaliteten, er det tilrådd at kraftstasjonen vert lagd tett inntil granskogen i aust. Vidare er det tilrådd at tilkomstvegen til kraftverket vert lagt lengst nede på innmarka, da dei største verdiane innan lokaliteten er knytte til areala øvst oppe.

Redusert vassføring etter ei utbygging vil verte negativt for vasstilknytte fugleartar som fossekall og strandsnipe (begge på Bern liste II). For fossekall kan noko av skaden avbøtast ved å etablere hekkekasser nær elva, og i avløpskanalen frå kraftverket. Førekomst av ål er ikkje kjend frå denne delen av vassdraget. Det er aure i elva som kan ha noko verdi for lokalt friluftsliv, men ei utbygging vil ikkje få konsekvensar for viktige fiskeinteresser.

Opplevinga av vassdrag og fossefall som renn naturleg er viktig for friluftsliv, lokal identitet og for turistar/reiseliv. Den relativt markante fossen er synleg frå Nordstrandsvatnet og busetnadene ved Nordstrand og Sørestrand. Redusert vassføring etter ei utbygging vil redusere opplevingsverdien av fossen, men det vil framleis vere periodar særleg vår og haust at fossen veks opp på grunn av overlaup ved inntaket. Langs elvestrekninga går det ein sti som truleg vert lite brukt.

Inntaksområdet ligg relativt ope til, og det er viktig at inngrepa her vert dempa så langt som råd. Om inntaket kan leggjast 5-10 høgdemeter lågare, dvs. ca kote 380, vil dammen og vasspegelen verte mindre synlege terrenginngrep. Det bør visast ekstra varsemd ved legging av røyrgata i områda med ganske grunt jordsmonn, og ved kryssinga av ein steinmur på eigedomen nærmare kraftstasjonen. Traseen for røyrgata vil vere godt synleg i landskapet, og det er viktig med god tilstelling etterpå. Vi legg til grunn at inngrepa knytte til ei utbygging kan avgrensast til eit nivå som er akseptabelt for småkraftutbygging.

Utbygginga er planlagd med slukeevne på 151% av middelvassføringa, og med minstevassføring på nivå med alminneleg lågvassføring. Vi gjer merksam på at konsesjonssøknaden og miljørapporten opererer med ulike nivå for alminneleg lågvassføring og 5-persentilar. Vassutnyttinga er moderat samanlikna med mange småkraftverk som har fått konsesjon dei seinare åra. Elva vil oppretthalde ein viss naturleg dynamikk etter ei utbygging, men vassføringa vil vere på minstevassføringsnivå mykje av året. At slukevna ikkje er sett høgare, slik at dynamikken til ein viss grad vert oppretthalden, er viktig for at den relativt markante fossen framleis kan opplevast som eit landskapselement.

Vassforskrifta har som mål at alle vassførekomstar i Noreg skal ha minimum «god økologisk tilstand». Forskrifta opnar ikkje for at det kan gjennomførast tiltak som gjer at tilstanden vert dårlegare, med mindre det kan vere grunnlag for unntak i tråd med § 12. Oselva er per no i «moderat økologisk tilstand», og påverknad frå sur nedbør er den einaste årsaka til risikovurderinga.

For anleggsfasen viser vi til reglane i ureiningslova. Dersom anleggsfasen kan medføre spesielle ulemper for miljøet eller varer i lengre tid, må den ansvarlege søkje Fylkesmannen om utsleppsløype (anleggskonsesjon).

Fylkesmannen er også generell styresmakt for støyutslepp frå industri med meir, og kan setje nærare krav etter ureiningslova. Det må leggjast vekt på støydempande tiltak knytt til kraftstasjonen. Behovet for dette vil avhenge av nærleiken til næraste bustad, hytte eller næringsbygg. Støynivået må halde seg innanfor tilrådde støygrenser i T-1442 «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging», jf. punkt 3.1 «Anbefalte støygrenser ved planlegging av ny virksomhet eller bebyggelse» og punkt 3.3 «Retningslinjer ved etablering av ny støyende virksomhet».

Beredskapsfagleg vurdering

Fylkesmannen har berre gått summarisk gjennom beredskapsrelevante tema i søknaden, og vi kjem difor med ei generell tilbakemelding på konsesjonssøknaden.

Vi legg til grunn at det i behandlinga av konsesjonssøknaden vert lagt vekt på å plassere tekniske installasjonar slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdier.

Landbruksfagleg vurdering

Ut frå konklusjonen i omtale og konsekvensutgreiing, vil ei utbygging i liten grad påverke landbruksinteressene i området. Røyrгатetraseen og vegframføringa vil i stor grad råke utmarksareal, der landbruksinteressene først og fremst er knytte til husdyrbeiting eller skogbruk. Fordelane av ei kraftutbygging for landbruksinteressene vil vere større enn eventuelle ulemper, då inntekter frå kraftproduksjonen kan styrke næringsgrunnlaget på landbrukseigedomen. Dette kan også ha ein positiv effekt for busetjinga i området. I den grad tiltaket krev at det må etablerast anleggsveg/vegtilkomst til kraftstasjon eller inntak, får vi til å leggje vegtraseen slik at han også har best mogleg nytteverdi til jord- og skogbruksføremål. Røyrгата er plassert på slåttemark siste delen av traseen før kraftstasjonen. Her er det viktig å skilje eventuell matjord frå undergrunnsmassar i samband med gravearbeidet, og syte for at massane vert tilbakeført på ein forsvarleg måte.

Fylkesmannen si tilråding

Fylkesmannen vil, utifrå det som er sagt ovanfor, ikkje rå frå at det vert gjeve konsesjon til eit Osen kraftverk, føresett at:

- inngrepa i slåttemarka vert så minimale som mogleg, og at inngrepa totalt sett vert innafor det som er rekna som akseptabelt for småkraftutbygging
- det vert stilt krav om god terrengtilpassing og tilstelling etterpå, der revegeteringa kan skje naturleg

Vi ber NVE vurdere om inntaksdammen bør leggjast 5-10 høgdemeter lågare enn konsesjonssøkt, dvs. ca. på kote 380, då dette vil gjere inntaket mindre synleg i landskapet.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernssjef

Eyvin Sølssnæs
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Høyanger kommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Miljødirektoratet